

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykker ref.:

23/6348-2

Dato: 24.08.2023

Saksnr.: 2023/52458

Dok.nr.: 3

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 140 bnr 34 - dispensasjon - fylling i sjø og planering av terreng – fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om fylling i sjø og planering av terreng, innanfor allereie regulert næringsområde på Storøy, gnr 140 bnr 34 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Området er allereie regulert, og problemstillingar knytta til kulturminne skal vere avklarte i reguleringsplanprosessen. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4. Vi har på den bakgrunn ingen merknader til søknaden eller evt seinare tiltak – når det gjeld forholdet til kulturminne.

Fylkesdirektøren vil avslutningsvis understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaka straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndighet har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
spesialrådgjevar

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Rogaland

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*